

Konfirmantjubileum i september.

02.06.2017



Soknerådet innbyr til konfirmantjubileum i september.

Uskedal sokneråd har ein fin tradisjon der dei inviterer tidlegare konfirmanter til jubileumssamlingar. Det er 50, 60 og 70årsjubilantane som vert invitert. Desse samlingane vert arrangert annakvart år, og dermed vert det doble kull som vert invitert. I år er samlinga 8.-10.september, og det er eit allsidig program.

Det er dei som vart konfirmerte i 1946 og 1947 er innbydde som 70-års jubilantar. På same måte inviterer ein alle som vart konfirmerte i 1956 og 1957, som 60-års jubilantar, og dei som vart konfirmerte i 1966 og 1967 som 50-års jubilantar.

Det er lagt opp til eitt fyldig og allsidig program der ein kan velja om ein vil vera med på heile eller deler av det. Det startar allereie fredag kveld. Då er det føredrag med den dyktige, utflytta uskedelingen, professor Jørn Øyre hagen Sunde. Han er ein fantastisk formidlar som har besøkt Uskedalen fleire gonger med ulike tema dei siste åra. Han pleier å fylle kyrkja, og tilbakemeldingane er alltid like gode. Denne gongen snakkar han om «Fem tesar om reformasjonen sine verknadar på vårt samfunn». Soknerådet er svært glade for at Jørn kan koma same helga som konfirmantjubilæet.

Laurdag er det lagt opp til oppmøte ved Grano kl.15, og derfrå vert det lagt opp til busstur i bygda. Den går opp dalen, og det vert innlagt stopp fleire stader m.a. ved skulemuséet på Haugland der det alltid er populært å oppleva ein gammaldags skuletime. Etter rundturen vert det kaffi på "Kafè 10'aren" i Gamleskulen der ein får kjøpt kaffi og kake, og prisen er som alltid der, kr 10,- pr.stk. Her vert det nok ei god drøse- og mimrestund, og det er lagt opp til at denne skal vara fram mot kl.18.30.

Søndagsprogrammet startar med gudsteneste i Uskedal kyrkje kl.11. Etter gudstenesta vert det festsamvære på restaurangen Oska på Sandakaien der det vert middag, kaffi og dessert. Denne plassen er kjent for særdeles god mat, og det vil vera med og setja ein spiss på feststunda.

Innbyingane vert sendt ut med det aller første.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Øystein Enæs